



Arbeiderpartiet.no

Seljord, 31. mai 2015

### **"Forslag om endringer i helligdagsloven for å tillate søndagsåpne butikker"**

I samband med at regjeringa har sendt ut "Forslag om endringer i helligdagsloven for å tillate søndagsåpne butikker" på høyring, vil Seljord AP koma med følgjande innspel.

Seljord AP meiner at regjeringa sitt framlegg om søndagsopne butikkar er feil veg å gå. Dette er ei samfunnsutvikling me ikkje treng, det er ikkje bra for familiar med born, arbeidstakarar eller for miljøet. Å opne for alminneleg søndagshandel tvingar fleire til å halde butikkane opne, til å jobbe på søndagar og til å finne tilfeldige barnepassordningar. I Seljord finst der t.d. ikkje dagammaer eller private barnehagar, så det vil vere nesten umogleg å få barnepass.

I ei tid der me står ovanfor ei vaksande og aldrande befolkning, kan ein med rette spørje seg sjølv om det er rett bruk av ressursar å nytte arbeidskraft til å halde butikkar opne på søndagar. I tida framover treng me å prioritere rekruttering av arbeidskraft til velferdsyrka, meire enn til handelsnæringa.

Søndagshandel er dårleg miljøpolitikk. Tilsette må køyre til og frå jobb ein ekstra dag kvar veke, det same gjeld varetransport, noko som Handelsstandens samarbeidsutval har rekna med vil føre til at klimagassutslippa vil auke med 4,6%(omlag 20.000 tonn CO2 ekvivalentar).

På landsbasis vil regjeringa sitt forslag resultere i at fem gonger så mange menneske, omlag 290 000 tilsette, må jobbe på søndagar. Fagrørsla er imot dette forslaget, og store delar av næringslivet er motstandarar, t.d. som Virke og NHO Handel. Fleire av dei store matvarekjedane er også imot. For Seljord sin del vil dette gjelde omlag 300 tilsette.

Seljord AP går inn for å halde søndagen fri. Me vil at framtidas søndag fortsatt skal vera ein familie- og fritidsdag. Mykje av fellesskapet og samværet i familien og lokalsamfunnet er bygd opp kring helga, og då i særleg grad søndagen som ein fridag. Dette kjem tydeleg fram når 7 av 10 forbrukarar seier at dei ikkje ynskjer søndagsopne butikkar. Me treng ein slik "annleisdag", ikkje bare for å vera med familie eller for å setje av tid til idrett og kultur, men også for refleksjonar og ikkje minst til å få nullstilt oss.



Arbeiderpartiet.no

Seljord AP meiner at punkta over gjev eit klart og tydeleg signal til regjeringa om at dette er eit framlegg som korkje næringa, tilsette eller forbrukarane ynskjer. Seljord AP vil difor på det sterkaste oppmoda regjeringa om å trekkje framlegget som opnar for søndagsopne butikkar.

For  
Seljord Arbeiderparti

---

Halfdan Haugan  
Leiar